

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Høyring av NOU 2011:3 - Kompetansearbeidsplassar - Drivkraft for vekst i heile landet

Vi viser til høyringsbrev av 31.3.2011 frå Kommunal- og regionaldepartementet om NOU 2011: 3.

Lotteri- og stiftelsestilsynet vil gjerne medverke med dei erfaringar vi har gjort oss ved opprettinga og etableringa av ein kompetansearbeidsplass i Førde i Sogn og Fjordane. Frå den første rekrutteringa for Lotteritilsynet starta sommaren 2000 og fram til i dag då vi har 65 tilsette, hovudsakleg folk med høgre utdanning, har vi hatt ei rekkje erfaringar som er relevante i høve til fleire av dei tema som utvalet er inne på. Utvalet er i det heile teke godt inne på dei faktorar som også vi vil rekne som sentrale for å få til vellukka distriktsetablering.


Vi kommenterer i vårt svar dei tema i kapittel 5 der vi med grunnlag i erfaringar har særskilde føresetnader for å meine noko. Vi viser i svaret til dei oppsummeringar som er gitt i kapittel 1 i rapporten.

Potensial for oppretting av statlege verksemder i distrikta

Utvalet skriv, jf. s. 15: *"Utvalget mener det er vesentlig potensial for å lokalisere ulike funksjoner innen statlige virksomheter utenfor hovedstadsregionen. Dette framstår både som et gjennomførbart og effektivt virkemiddel for å sikre en spredning av statlige arbeidsplasser"*.

Vi gir full støtte til denne vurderinga, den er heilt i tråd med vår erfaring. Då vårt tilsyn skulle etablerast i Førde, var det frå einskilde hald ein viss skepsis til to forhold; 1) ville ein greie å rekruttere nok kompetente folk, og 2) ville lokalisering såpass langt unna hovudkontora til organisasjonar i frivillighets-Norge og andre brukarar by på kommunikasjonsmessige problem. På begge områda har vi kome godt ut av det. Dette er vår eiga vurdering, men også våre to departement si vurdering målt ut i frå dei tilbakemeldingar vi har fått. Vi har heller ikkje høyrte noko anna frå brukarane våre elles. Vi har hatt god tilgang på kompetent arbeidskraft, og mange som besøkjer oss kommenterer at vi er lett tilgjengelege med eit godt flysamband og besøksfasilitetane i Førde er gode.

Vi meiner opprettinga av vårt tilsyn i Førde er eit godt døme på at desentralisert lokalisering kan vere vellukka politikk. Det at ein har lukkast godt her hos oss må vere eit bevis på at distriktsetablering av sentrale tilsyns-/direktoratsfunksjonar er fullt mogeleg også andre stader. Det bør som utvalet seier vere eit vesentleg potensiale for å lokalisere



funksjonar utanfor hovudstadregionen. Vi er likevel av det syn at visse føresetnader må liggje til rette.

Føresetnadene må liggje til rette


I rapporten si oppsummering nedst s. 13 heiter det: *”Utdanningsnivået er økende over hele landet. Utvalget vurderer derfor at forholdene ligger godt til rette både for å opprettholde og utvikle eksisterende kompetansearbeidsplasser og å skape nye kompetansearbeidsplasser over hele landet. Men en viss kritisk masse er nødvendig for at et arbeidsmarked generelt skal virke attraktivt for nyetableringer av arbeidsplasser innenfor kompetanseintensive næringer og for arbeidstakere med høyere utdanning. Utvalget mener derfor det er avgjørende å legge til rette for regionforstørring og utvikling av robuste arbeidsmarkeder. Regionale sentra bidrar til å gjøre regioner i sin helhet attraktive for etablering av nye arbeidsplasser, både offentlig og privat. Utvalget mener derfor at det er viktig å styrke regionale sentra for å skape vekst og økt dynamikk i arbeidsmarkedene. Utvalget understreker at dette også vil gi positive effekter for omkringliggende kommuner”.*

Desse formuleringane kan Lotteri- og stiftelsestilsynet skrive under på med grunnlag i ti års erfaring med etablering av eit kompetanseintensivt tilsyn i eit distriktsfylke. Omgrepa ”krisisk masse”, ”regionsenter” og ”omkringliggjande kommunar” treff godt. Ein skal i denne samanhengen ikkje gløyme sistnemnde; den positive effekten som også omkringliggjande kommunar får ved at høgt utdanna personar ser det som mogeleg å flytte tilbake til sin heimkommune fordi ein kan ha ein fagleg utfordrande jobb i nabokommunen (les: regionsenteret). For nabokommunane til Førde, til dels også Førde, har landbruk tradisjonelt vert den dominerande næringa. Ein arbeidsmarknad, og i vårt tilfelle eit nyetablert statleg tilsyn, som gir mogelegheiter for eit større spekter av faggrupper er derfor svært kjærkome.

Det er vår påstand at etableringa vår i Førde har vert ein ubetinga suksess i høve til det å rekruttere tilsette med høg kompetanse. Vi har gjennom leverte resultat lagt grunnlag for tildeling av fleire oppgåver frå departementa, mellom anna fekk vi tillagt Stiftelsestilsynet i 2005. **Vi vektlegg særleg tre avgjerande suksessfaktorar for vår verksemd:**

1) arbeidsplassen vert sett på som fagleg utfordrande og utviklande for juristar, økonomar og tekniske faggrupper, 2) vi er lokaliserte i Førde som er eit senter i fylket, der det i senteret eller nære nabokommunar vert sett på som attraktivt å busetje seg både for tilsett og ektefelle/sambuar grunna servicetilbod og jobbmarknad (rapporten nyttar det beskrivande ordet ”bransjebreidde”), og 3) flysambandet er godt, flytid til/frå Gardermoen er 55 min.

Førde er som stad i kategorien småbyregion. Medrekna omkringliggjande kommunar, som også er ein del av arbeidsmarknaden, er vi i kategorien mellomstor byregion. Førde har 12 200 innbyggjarar, nabokommunane Jølster: 3 000, Gaular: 2 800 og Naustdal: 2 700. Førde med nabokommunar har 20 700 innbyggjarar. Flora med sine 11 600 innbyggjarar er også relativt nært i køyretid med ca 45 min, og fleire av våre tilsette bur der. Vi har tilsette som bur i seks kommunar. Det befolkningsgrunnlaget vi har er stort nok til å kunne både rekruttere og halde på kompetente medarbeidarar. Lokalsamfunnet er også stort nok til å



kunne "handtere" vår verksemd på ein framifrå måte, vi treng m.a. hotell som er godt eigna for besøkande og for konferansar, vi treng fullgode leverandørar av både ikt-tenester og andre varer og tenester. Og ein bør ha nærleik til flyplass. For å ha alle nødvendige tenester lett tilgjengeleg meiner vi at lokaliseringsstaden bør vere av ein viss storleik.

Effekt av oppretting av ei statleg verksemd i distriktet

Ei interessant erfaring er at eit stort fleirtal av våre fast tilsette har ved tilsetting enten allereie budd i Førde eller nabokommune, eller dei og/eller ektefelle/sambuar kjem opphavleg frå vårt distrikt og ønskjer å flytte tilbake. Relativt få, per i dag berekna til om lag fem pst, kan seiast å vere i den gruppa som har flytta til Førde og etablert seg som følgje av jobb i Lotteri- og stiftelsestilsynet, utan at dei har noko nær tilknytning til staden frå før. Når vi her seier "etablert seg" så meiner vi flytting ev. med familie frå annan del av landet og kjøp av bustad i Førde eller nabokommune med sikte på at ein vert verande. Vi har hatt eit noko større innslag av nyutdanna, hos oss særleg juristar, som har flytta mellombels til Førde frå m.a. Bergen og andre vestlandskommunar og jobba her ei tid i engasjement og vikariat. Denne gruppa har erfaringsmessig ein langt større mobilitet, og eit fleirtal har etter ei tid også søkt andre (faste) jobbar og har flytta til ny arbeidsgjevar her i området eller annan stad i landet.


Tilsette i den første gruppa, dei som allereie bur eller har nær tilknytning til området ved tilsetting, har i vårt tilfelle ofte søkt seg til oss jamvel om dei sit i andre relativt bra jobbar her i distriktet, - noko som naturleg nok har medverka til å kvalifisere dei blant søkjarane. Det er t.d. fleire med god bakgrunn frå revisjon, rekneskap, media, bank, advokatkontor, politi og offentleg administrasjon som har søkt seg hit.

Vi har jamt over hatt god tilgang på søkjarar. Særleg opplevde vi dette ved etableringa og dei aller første åra. Dei seinare åra har vi merka noko nedgang i søkjartala ved einskilde utlysingar. Vi har likevel heile vegen vert i den heldige situasjonen at vi har hatt eit tilfredsstillande tal godt kvalifiserte søkjarar å velje blant, men ikkje mengder på opp til 40-50 slik vi opplevde ved etableringa.

Ein vesentleg konsekvens av etableringa i Førde er at mange av dei som i utgangspunktet har ønskt å bu her (les: flytte tilbake og busetje seg fast etter utdanning) heilt opplagt ser på Lotteri- og stiftelsestilsynet som ein potensielt spanande arbeidsplass som passar til det faget dei har teke i Bergen, Oslo etc. Det kan truleg seiast slik at ein nyttar jobben her som ein garanti for at her vert ein verande. Lotteri- og stiftelsestilsynet har dei siste ti åra hatt det største juridiske miljøet i fylket med til ei kvar tid i overkant av tjue juristar.

Digital infrastruktur

Ein siste faktor vi ønskjer å påpeike til liks med utvalet er digital infrastruktur. Utvalet angir som eit av tiltaka prioritering og auka satsing på utbygging av høghastigheits breiband over heile landet. Dette er noko vi meiner er blant grunnføretnadene for å kunne ha velfungerande lokalsamfunn ute i distrikta i åra framover. For den type verksemd vi driv er tilgang på høghastigheits nett heilt avgjerande. No er vi i den situasjonen at akkurat der vi er lokaliserte så er utbygginga fullgod. Det vi derimot vil påminne om, er at for ein god del av våre tilsette som bur i omkringliggjande kommunar fungerer ikkje jobbing på heimekontor tilfredsstillande fordi dei ved sin bustad ikkje har tilgang på



Vår dato
08.08.2011

Vår referanse
11/01262-2/008

fibernett. Jobbing frå heimekontor er i periodar av stor verdi for leiarar og andre. Dessutan er tilgang på fibernett i dag assosiert med bu-/livskvalitet for heile familien. Satsing på utbygging av fibernett er derfor noko som Lotteri- og stiftelsestilsynet gjennom fleire år har engasjert seg i gjennom vår deltaking i IT-Forum Sogn og Fjordane der temaet framleis står høgt på agendaen. Vi ser det som viktig at ein frå sentralt hald legg mykje innsats i at nettutbygging og –oppgradering må gje mest mogeleg like konkurransevilkår over heile landet.

Med helsing

Atle Hamar
direktør

Stig Starheim
økonomisjef

Kopi: Kulturdepartementet